



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling næring

Steinar Skarveland
Nedre Skarveland 2

5452 Sandvoll

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Kjetil Mehl		2022/5757-7		08.05.2023

Driveplikt - 240/3 -

Til grunneigarar som leiger vekk jordbruksareal og eigarar av landbrukseigedomar det ikkje vert søkt produksjonstilskot for.

Det går fram av § 8 i jordlova at det er driveplikt på jordbruksareal (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite). Driveplikta er lovfesta for å sikre matproduksjon, jorda si produksjonsevne og kulturlandskapet. Det er ingen nedre arealgrense for driveplikta, og plikta gjeld alt jordbruksareal på eigedomen.

Landbrukskontoret arbeider no med å få oversikt over korleis driveplikta vert oppfylt i Kvinnherad kommune. Vi sender difor dette brevet til alle eigarar som ikkje søker produksjonstilskot eller som kommunen ikkje kjenner til at driv aktiv landbruksproduksjon. Innan fastsett frist må landbrukskontoret ha tilbakemelding på korleis driveplikta vert oppfylt.

I landbruksregisteret står du som eigar av gnr 240 bnr 3. Eigedomen har i følge gardskartet 41,6 dekar fulldyrka jord, 0 dekar overflatedyrka jord og 0 dekar innmarksbeite.

Gardskartet viser arealressursar og arealtal for din eigedom.

<https://gardskart.nibio.no/landbrukseiendom/4617/240/3/0?gardskartlayer=ar5kl7>

Driveplikta er personleg og gjeld for heile eigartida. Driveplikta kan oppfyllast ved at du sjølv driv jorda eller leiger den vekk til andre som vil drive. Nye eigarar må innan eitt år etter eigarskifte syte for at jordbruksareala er i drift.

For at driveplikta skal vere oppfylt må jorda sine produksjonsegenskapar oppretthaldast slik at areala kan nyttast til vanleg jordbruksdrift med moglegheit for normal avling. Dette inneber at areala som utgangspunkt må haustast og kultiverast årleg. Det stillast ikkje krav til

driftsform og det er ikkje eit krav om at drifta er optimal.

Praksisen er at driveplikta ikkje er oppfylt dersom arealet berre vert slått med beitepussar. Grunngevinga for det er at bruk av beitepussar vil forringe produksjonsegenskapane over tid.

Driveplikt når eigar vel å drive sjølv

Eigar som vel å oppfylle driveplikta sjølv, må stå faktisk og økonomisk ansvarleg for drifta. Dette inneber ikkje at eigar eigenhendig må stå for drifta, men jorda må drivast for eigar si rekning og risiko. Eigar må vere den som planlegg drifta og står ansvarleg for innkjøp av driftsmidlar og sal av produkt.

Driveplikt når eigar vel å leige bort jordbruksarealet

Eigar av jordbruksareal kan oppfylle driveplikta ved å la andre ta seg av drifta av arealet. Når ei avtale om bortleige er inngått, skal eigaren gje melding til kommunen som skal kontrollere at vilkåra for bortleige etter jordlova § 8 er oppfylt.

Krav til leigeavtale

Avtala må gjelde **minst 10 år** om gongen, den **må vere skriftleg** og føre til gode driftsmessige løysingar. Dette er ikkje til hinder for at eigar kan drive delar av eigedommen sin sjølv eller ha meir enn ein leigetakar. Utleigar har ikkje høve til å seie opp leigeavtala i løpet av leigeperioden. Om det går fram av avtala, kan leigetakar seie opp avtala i 10-års perioden.

Leigeavtala kan vare ut over 10 år, men må då ha godkjenning både etter jordlova § 12, og konsesjonslova.

Fritak frå driveplikta

Det kan søkjast om fritak frå driveplikta dersom eigar ikkje får leigd ut jorda. Kommunen kan også lempe på kravet om 10-årig leigeavtale. Der det til dømes er tale om eigarskifte i nær framtid, og den nye eigaren har planar om å drive sjølv, kan det søkjast om kortare avtaleperiode. Ved avgjerd av ein fritakssøknad vil kommunen legge vekt på:

- Kor viktig det er å halde jordbruksarealet i hevd
- Storleiken på arealet
- Avkastingssevne
- Om det er bruk for jordbruksarealet som tilleggsjord i området
- Eigar sin livssituasjon

Tilbakemelding til kommunen

Landbrukskontoret ber om tilbakemelding med opplysningar om drifta av jordbruksareala på din eigedom:

1. Jordbruksareal som vert bortleigd
2. Jordbruksareal som eigar sjølv driv og som det ikkje vert søkt produksjonstilskot for
3. Leigeavtalar

Frist for skrifteleg tilbakemelding til landbrukskontoret er 12.06.2023 Svar skal sendast til post@kvinnherad.kommune.no eller Kvinnherad Kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal

Treng du meir informasjon kan du kontakte oss på telefon eller e-post.

Vi har lagt ved:

Melding om oppfylling av driveplikt

Jordleigeavtale

Søknad om fritak frå driveplikta på jordbruksareal

Søknad om dispensasjon frå kravet om 10-årig leigeavtale ved bortleige av jordbruksareal

For meir informasjon om driveplikta:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-05-12-23>

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/m-22021-driveplikt-omdisponering-og-delinger/id2849409/>

Med helsing

KVINNHERAD KOMMUNE

Kjetil Mehl

Landbruksrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.